

Prosjektrapport:

”GRENSELAUST BIBLIOTEK”

Interkommunalt samarbeid mellom folkebiblioteka i Granvin og Ulvik

Prosjektleder: Ingeborg Fære

Prosjektperiode: Januar - Desember 2003

1. Innleiing

1.1 Utfordringar for folkebiblioteka

I følgje Lov om folkebibliotek av 1985 skal folkebiblioteka fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd gjennom informasjonsformidling og ved å stilla bøker og anna egna materiale gratis til disposisjon for alle som bur i landet.

Eit moderne folkebibliotek skal vera ein aktiv partner med omsyn til å fremja demokrati og sikra uhindra tilgang til alt publisert materiale. Det skal støtta opp under utdanning og læring på mange nivå ved å stilla til disposisjon råmateriale for kunnskap. Folkebiblioteket skal også vera eit lokalt It-senter som med maskiner, programvare og nettverk gjev innbyggjarane tilgang til ny teknologi. Ikkje minst skal folkebiblioteka vera ein sentral kulturell institusjon. Dei tilsette i folkebiblioteka må i tillegg til tradisjonelle bibliotekoppgåver også vera aktive medspelarar i innhenting av informasjon og opplæring i ny informasjonsteknologi.

Det er vanskeleg for mindre kommunar å gje innbyggjarane sine eit breitt spekter av bibliotektenester, mellom anna fordi ein har små personalressursar og manglar eit lokalt fagmiljø. Ved samarbeid på tvers av kommunegrenser kan ein nytta ressursane betre og skapa grobottn for betre tenester.

Biblioteklova seier at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. I juni 2003 blei det gjort endringar i lova der det mellom anna blir presisert at folkebiblioteket kan drivast av kommunen aleine, eller i heilt eller delvis driftsfellesskap med annan kommune, fylkeskommunen eller statleg institusjon. Departementet kan gjera unntak frå første ledd for forsøksverksemd, for eksempel at to kommunar kan ha felles biblioteksjef.

1.2. Om ”Grenselaust bibliotek”

På initiativ frå Hordaland fylkesbibliotek starta ein våren 2003 opp det interkommunale biblioteksamarbeidet ”Grenselaust bibliotek” mellom Granvin herad og Ulvik herad. Fylkesbiblioteket gjekk inn med arbeidskraft som del av prosjektet ”Breiband til alle i Hordaland”.

”Grenselaust bibliotek” er og eit delprosjekt under ”Grenselaust samarbeid” som er eit heilskapleg samarbeid med felles rådmann mellom Granvin herad og Ulvik herad. Som grunnlag for samarbeidet, har delprosjektgruppa fått eit mandat frå rådmannen (vedlegg 1)

Delprosjektgruppa har bestått av:

Ingeborg Fære, biblioteksjef i Ulvik herad og prosjektleder for ”Grenselaust bibliotek”

Kirsten Flatlandsmo, biblioteksjef i Granvin herad

Espen Eide, kultursjef i Ulvik Herad og kulturleder i Granvin herad

Angar Skjønberg, fagforeiningsrepresentant Ulvik herad

Elin Golten, prosjektleder Hordaland fylkesbibliotek og sekretær for delprosjektet

Mål for ”Grenselaust bibliotek” er å utgreia moglegheitene for samarbeid mellom kommunane Ulvik og Granvin. Dette for å utnytta ressursar/kompetanse på tvers av kommunane der det er praktisk og føremålstenleg, og sikra god kvalitet og ei betre teneste innafør tilgjengelge ressursar.

1.3. Samandrag av anbefalingane frå delprosjektgruppa

- Dei to biblioteksjefane blir organisert under same overordna leiar i herada
- Brakanes skule tek over utlånet ved skulebiblioteket. Biblioteksjefen i Ulvik brukar tid og kompetanse på samarbeidstiltak mellom folkebiblioteka og skulen. Tiltaka blir gjennomført i samarbeid med Granvin folkebibliotek
- Ulvik folkebibliotek reduserar opningstida med 2 timar i veka på kveldstid
- Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik får felles nettstad
- Utvekslingsmodellen blir brukt som samarbeidsform
- Samarbeidet mellom folkebiblioteka blir regulert gjennom ei samarbeidsavtale
- Granvin herad og Ulvik herad har framleis kvar sin biblioteksjef
- Granvin folkebibliotek blir tilkopa det kommunale datasystemet
- Granvin folkebibliotek får oppgradert biblioteksystemet i samarbeid med Ulvik folkebibliotek
- Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik får felles katalog og felles lånekort
- Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik får felles katalog på Internett med tenesta Innsyn
- Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik blir knytt saman med breiband
- Folkebiblioteka blir ikkje samlokalisert med servicekontor før dette blir del av ei større satsing frå herada si side

2. Kartlegging av situasjonen i dei to folkebiblioteka

2.1. Organisasjonsstruktur

Granvin folkebibliotek og Ulvik folkebibliotek er to sjølvstendige einingar.

Biblioteksjefen i Granvin er organisert under kulturleiaren medan biblioteksjefen i Ulvik er organisert under leiar for stab/ støtte.

2.2. Bemanning og arbeidstillhøve i biblioteka

Granvin folkebibliotek:

Biblioteksjefen har 53% stilling, og biblioteket er ope 13 timar i veka.

Det er ønskjeleg å gjera samlingar og utstyr i biblioteket meir tilgjengeleg ved å auka bemanning og opningstid ved biblioteket.

Datautstyret på biblioteket er gamalt og i dårleg stand, og treng oppgradering. Det ville vore nyttig å installera eit program (som Teachers Smart Card eller Illusion 99/2000) som hindrar nedlasting på publikumsmaskina.

Det går mykje tid på ulike driftsoppgåver som utlån, innlevering og statistikk på grunn av det utdaterte biblioteksystemet Mikromarc 1 (sjå 4.2).

Ulvik folkebibliotek:

Biblioteksjefen har 100% stilling, og biblioteket er ope 22 timar i veka.

20% av stillinga er lagt under skulen, og biblioteksjefen er ein dag i veka på skulebiblioteket ved Brakanes skule. Dette blir ineffektiv arbeidstid, då skulebiblioteket ikkje har teknisk utstyr som gjev tilgong verken til det kommunale datasystemet eller biblioteksystemet. Dersom Brakanes skule tek over utlånet ved skulebiblioteket, kan biblioteksjefen bruka tid og kompetanse på samarbeidstiltak mellom folkebibliotek og skule. Døme på dette er lesestimuleringstiltak og samarbeid om prosjektarbeid i skulen. Folkebiblioteket og skulebiblioteket kan og ha felles katalog drifta frå folkebiblioteket. Dette ville gjera det enklare for skulen å driva utlån sjølve.

Ulvik folkebibliotek har ope til kl. 20.00 to kveldar i veka. Det er tungt å følgje dette opp når det berre er ein tilsett ved folkebiblioteket. Dei fleste folkebibliotek i Hordaland har kveldsoppe til kl.19.00. Opningstida ved Ulvik folkebibliotek har ikkje blitt redusert etter at biblioteksjefen fekk redaktøransvar for kommunen sin nettstad.

2.3. Bibliotektenester på Internett

Nettstaden til Granvin folkebibliotek inneheld berre informasjon om bibliotekets opningstider og adresser.

Nettstaden til Ulvik folkebibliotek inneheld informasjon om biblioteket, men har og eit tenestetilbod til brukarane. Her finn ein eigen katalog og sider om Olav H. Hauge. Det er lenker til prosjekt biblioteket er med i, og nyttige bibliotektenester. Ein får og tilgang til søk i biblioteket sin katalog.

Granvin folkebibliotek og Ulvik folkebibliotek bør byggja opp ein felles nettstad som del av det interkommunale biblioteksamarbeidet. Den felles nettstaden kan innehalde informasjon om biblioteka sine felles tenester, samt vera ein innfallsport til den felles bibliotekskatalogen og ein inngang til elektroniske bibliotekressursar for innbyggjarane i begge herada.

2.4. Prosjektarbeid

Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik deltar i prosjektet ”Kunnskapsnettverk Indre Hordaland” – eit prosjekt om betre tilrettelegging av vaksenopplæring. Prosjektet er eit samarbeid med alle aktørar på utdanningsfeltet for vaksne og folkebiblioteka i kommunane Eidfjord, Etne, Granvin, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Odda, Ullensvang, Voss og Ulvik.

Ulvik folkebibliotek deltar i prosjektet ”Nærinett” - eit samarbeid mellom bibliotek og næringsliv i Hordaland. Prosjektet er eit samarbeid mellom Europakontoret i Hordaland fylkeskommune, og biblioteka og næringsavdelingane i kommunane Askøy, Austevoll, Bømlo, Etne, Kvam, Lindås, Osterøy, Radøy, Ulvik og Voss.

2.5. Økonomi

Alle tal er henta frå Bibliotekstatistikk for Hordaland 2002.

Tabell 1:

Rekneskap 2002	Granvin folkebibliotek	Ulvik folkebibliotek
Løn og sosiale utgifter:	kr. 189.398,-	kr. 295.764,- *
Kjøp av media:	kr. 79. 866,-	kr.114. 940,- **

Datatenester:	kr. 16.857,-	kr. 52.382,- **
Husleige:	kr. 147.050,-	kr. 0,-
Andre utgifter:	kr. 52.883,-	kr. 10.202,- ***
Totale driftsutgifter:	kr. 486.074,-	kr. 473.288

Merknader til tabell 1:

* 20 % av løna til biblioteksjefen i Ulvik vart ført i skulen sitt rekneskap.

** Ulvik folkebibliotek hadde kr. 50.000 i prosjektmidlar i 2002, difor vart postane for datatenester og kjøp av media høgare enn i budsjettet for 2003

*** Posten "Andre utgifter" ved Ulvik folkebibliotek er låg pga inntekter som vart ført på biblioteket

Tabell 2:

Budsjett 2003	Granvin folkebibliotek	Ulvik folkebibliotek
Løn og sosiale utgifter:	kr. 165.500,-	kr. 293.700,- *
Kjøp av media:	kr. 42.000,-	kr. 104.000,-
Datatenester:	kr. 20.000,-	kr. 44.000,-
Husleige:	kr. 140.000,-	kr. 0,-
Andre utgifter:	kr. 45.500,-	kr. -26.000,- **
Totale driftsutgifter:	kr. 413.000,-	kr. 415.700,-

Merknader til tabell 2:

* 20 % av løna til biblioteksjefen i Ulvik er ført på grunnskulen sitt budsjett

** Ulvik folkebibliotek har budsjettert med bruk av disposisjonsfond (kr. 70.000) på posten "Andre utgifter"

Dei to folkebiblioteka har jamstore budsjett, men Granvin folkebiblioteka har kr. 62.000,- mindre enn Ulvik til kjøp av media. Granvin folkebibliotek har høge husleigekostnader, medan Ulvik folkebibliotek ikkje har husleigekostnader. Resultatet av det låge bokbudsjettet blir at boksamlinga ved Granvin folkebibliotek blir utdatert, og at det ikkje er høve til å bygge opp nye samlingar, som til dømes ei video- eller musikkksamling.

2.6. Styrker og svakheit

Granvin folkebibliotek:	Ulvik folkebibliotek:
gode lokale	gode lokale
god lokalisering	god lokalisering
53% biblioteksjefstilling	100% biblioteksjefstilling, 20 % er lagt til skulebiblioteket
lite opningstid	god opningstid
Mikromarc 1 biblioteksystem utan automatisert utlån	Mikromarc 2 biblioteksystem med automatisert utlån
deltar i "Kunnskapsnettverk Indre Hordaland"	deltar i "Kunnskapsnettverk Indre Hordaland"
	deltar i prosjekt "Nærinett"
	katalogen tilgjengeleg på Internett
knapt budsjett til kjøp av media	tilfredsstillande budsjett
nettstaden er ei informasjonsside	nettstaden har eit godt tenestetilbod
det var 2950 besøk på biblioteket i 2002	det var 7051 besøk på biblioteket i 2002
ingen arrangement og utstillingar i 2002	5 arrangement og 3 utstillingar i 2002

Sjå og vedlegg 2: Bibliotekstatistikk for Ulvik folkebibliotek og Granvin folkebibliotek år 2002.

2.7. Anbefalingar frå delprosjektgruppa:

- Dei to biblioteksjefane blir organisert under same overordna leiar i herada
- Brakanes skule tek over utlånet av bøker ved skulebiblioteket. Biblioteksjefen i Ulvik bruker tid og kompetanse på samarbeidstiltak mellom folkebiblioteka og skulen
Tiltaka blir gjennomført i samarbeid med Granvin folkebibliotek
- Ulvik folkebibliotek reduserar opningstida med 2 timar i veka på kveldstid
- Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik får felles nettstad

3. Samarbeidsformer og organisering

3.1. Samarbeidsmodellar

Det følgjande er ei forenkla framstilling av aktuelle samarbeidsmodellar for "Grenselaust bibliotek" henta frå forprosjektrapporten for "Grenselaust samarbeid":

Uformelt samarbeid

Basert på innbyrdes tiltru mellom kommunane i form av uformelle og personretta relasjonar. Samarbeidet kan vera forankra i ei avtale om samarbeidets form, omfang og tid, men utan særskilde bindingar eller forplikting for kommunane.

Utvekslingsmodellen

Formelt samarbeid mellom kommunane, der ansvaret og ressursane framleis ligg i den einsskilde kommunen.

Kollegialt samarbeid: erfaringsutveksling eller avtalt arbeidsdeling.

Virtuelt samarbeid: oppgåver løyses av ei "virtuell avdeling" uavhengig av kvar den einsskilde er tilsett. Nyttar felles IKT-system.

Felles forvaltning: samlokalisering av felles einingar, men der ansvar og myndigheit framleis ligg i den einsskilde kommunen.

Oppdragsmodellen

Kommunane utførar ei teneste på vegne av andre etter tingar- og utførarprinsipp. Omfang, kvalitet og finansiering regulerast av avtaler mellom "tilbydarkommunen" og "etterspørjarkommunen".

Samarbeid basert på kommunelovens § 27

Etablert samarbeid mellom kommunar med eige styre for å løyse felles oppgåver.

Selskapsmodellen

Interkommunalt samarbeid organisert i selskapsformer utanfor kommuneloven som Loven om interkommunale selskap eller Aksjeselskap

3.2. Fordelar og ulemper med dei ulike samarbeidsmodellane for folkebiblioteka i Granvin og Ulvik

SAMARBEIDS-MODELL	PRO	CONTRA
Uformelt samarbeid	Lett å forandra på samarbeidets form og innhald	Lite forpliktande Fare for at tiltak ikkje blir gjennomført Personavhengig samarbeid
Utvekslingsmodellen	Forpliktande samarbeid. Truleg at tiltaka blir gjennomført Lite omorganisering ved at ansvaret og ressursane framleis ligg i den enskilde kommunen	Kan vera mindre tids- og ressursbesparande enn modellar med tettare samarbeid
Oppdragsmodellen	Tids- og ressursbesparande at tenester blir gjennomført ein stad	Fare for at nokre tilsette får for mange og krevjande arbeidsoppgåver
Samarbeid etter kommunelovens § 27	Lett å organisera felles oppgåver	Omfattande omorganisering
Selskapsmodellen	Lett å organisera felles oppgåver	Omfattande omorganisering

Delprosjektgruppa ønskjer at fokus for samarbeidet skal vera ei betre bibliotekteneste utan store og krevjande omleggingar, som eit samarbeid etter kommunelovens § 27 eller Selskapsmodellen krev. Samstundes ønskjer ein at samarbeidet skal vera forpliktande og ikkje så personavhengig som Uformelt samarbeid.

Det ligg til grunn for Oppdragsmodellen at eit av herada har ledig kapasitet innan samarbeidsområdet. Verken folkebiblioteket i Granvin eller Ulvik har per i dag kapasitet til å ta på seg store nye oppgåver. Samarbeidet mellom folkebiblioteka bør derfor baserast på gjensidig utveksling av arbeid og arbeidsoppgåver gjennom kollegialt samarbeid.

På bakgrunn av dette går delprosjektgruppa inn for Utvekslingsmodellen som samarbeidsform i samarbeidet mellom folkebiblioteka i Granvin og Ulvik. Samarbeidet må regulerast av ei samarbeidsavtale som konkretiserar og legg føringar for gjennomføringa av samarbeidet. (vedlegg 3). Folkebiblioteka vil samarbeida virtuelt gjennom eins datasystem, felles nettstad og felles katalog, der ein vil nytte breibandkopling mellom kommunane.

Det kan likevel bli aktuelt å prøva ut Oppdragsmodellen på enkelte driftsområde i folkebiblioteka i ein seinare fase av samarbeidet.

3.3. Felles eller delt leiarskap

Delprosjektgruppa går ikkje inn for at dei to folkebiblioteka skal ha felles leiarskap, men at begge herada framleis skal ha eigen biblioteksjef.

Ein ser på ei omlegging til felles leiarskap som omfattande, og kan heller ikkje på lengre sikt sjå noko særleg vinning på ei slik ordninga for folkebiblioteka i Granvin og Ulvik. Dei to biblioteka har berre to tilsette i totalt 1,53 årsverk. Felles leiarskap fordrar at det eine

biblioteket har kapasitet til å ta på seg eit utvida leiarskap. Slik folkebiblioteka er organisert i dag, ser ein det ikkje som fruktbart med ei slik organisering.

3.4. Anbefalingar frå delprosjektgruppa

- Utvekslingsmodellen blir brukt som samarbeidsform
- Samarbeidet mellom folkebiblioteka regulerast gjennom ei samarbeidsavtale (sjå vedlegg 3).
- Granvin herad og Ulvik herad har framleis kvar sin biblioteksjef

4. Gevinstar av samarbeidet

4.1. Betre bibliotektilbod

Gjennom eit "Grenselaust bibliotek" vil Granvin folkebibliotek og Ulvik folkebibliotek skapa ei betre bibliotekteneste i dei to herada. Gjennom interkommunalt biblioteksamarbeid vil ein nytta dei ressursane biblioteka har i dag til å betra arbeidstilhøva i biblioteka og styrkje tilbodet til brukarane både i det fysiske biblioteket og på Internett.

4.2. Oppgradering og samkøyring av biblioteksystem.

Granvin folkebibliotek har biblioteksystemet Mikromarc 1 utan automatisert utlån. Biblioteksystemet er gammalt og utdatert, og treng oppgradering. Granvin folkebibliotek er eit av få folkebibliotek i fylket som enno ikkje har automatisert utlån. Dette betyr at kvart utlån tar lenger tid, samt at arbeid med statistikk og statistikkføring er tidkrevjande. Mikromarc 1 er eit DOS-program som etter kvart vil forsvinna. Nye operativsystem, nettverksoppsett o.l. gjer det vanskeleg å nytta slike program og ein bør gå over til ein windowsplattform.

Ei oppgradering av biblioteksystemet betyr at bibliotekaren får mykje betre arbeidsvilkår. Brukarane ved folkebiblioteket i Granvin vil få ei betre teneste ved at bibliotekaren får frigjort tid som no går til manuell innlevering og utlån av media.

For at Granvin folkebibliotek og Ulvik folkebibliotek skal gå inn i eit interkommunalt samarbeid, er det ein føresetnad at Granvin folkebibliotek får oppgradert sitt biblioteksystem til same utgåve som Ulvik folkebibliotek har (Mikromarc 2). Biblioteka kan då få felles katalog med høve for søking over Internett. I dag er det berre Ulvik som har katalogen på nett. I samarbeidet om felles katalog vil ein nytta breibandkopling mellom kommunane som kommunikasjonsverktøy mellom folkebiblioteka.

Felles katalog gjev brukarane tilgang til samlingane ved begge biblioteka, samt at det blir mogleg å katalogisere bøker og anna materiale på berre eit av biblioteka. Brukarane kan ha eit felles lånekort for begge biblioteka, og levere lånt materiale på begge biblioteka, uavhengig av kvar det er utlånt. Eit felles lånekort med eins layout vil vera eit marknadsføringstiltak for folkebiblioteka.

Katalogen tilgjengeleg på Internett gjev brukarane oversikt over samlingane ved biblioteka, frå skulen eller heimen, når som helst på døgnet. Tenesta Lånerprofil gjev lånarane høve til å nytta Internett for sjølve å sjekka sine aktive utlån og fornya dei, sjekka og eventuelt sletta reserveringar, få oversikt over sin konto, samt endra personleg informasjon.

Den nye tenesta Mikromarc 2 Innsyn gjev sluttbrukaren nyttig tilleggsinformasjon om framsøkte titlar. Tilleggsinformasjonen består av bilete av bokomslag, Forlagssentralens

omtaler, baksidetekstar og innhaldsfortegnelsar. Med denne tenesta blir det meir brukarvenleg å søkja i katalogen på Internett. Ved felles katalog treng ein berre eit abonnement på Innsyn, noko som halverar investeringar og reduserar årlege kostnader på tenesta. Ingen av folkebiblioteka har denne tenesta i dag.

4.2.1 Investeringar og årlege kostnader

Oversikta under syner at dersom ein tar omsyn til at Granvin i alle høve må oppgradera sitt biblioteksystem, er det høve for innsparingar for begge biblioteka på dette feltet. Samstundes vil tilbodet til brukarane bli betre.

(Tabell med prisoversikt er tatt ut av hensyn til Bibliotekenes IT-senter AS)

	Granvin herad	Ulvik herad
Investeringar	43.646,-	5.478,-
Årlege kostnader	10.515,-	10.515,-

Granvin herad får ei investering på kr. 43.646,- på innkjøp av biblioteksystemet Mikromarc 2, og felles katalog med Innsyn og felles lånekort med Ulvik folkebibliotek. Årlege kostnader for bruksrett og vedlikehald for biblioteksystemet vil *auka* frå kr. 3.649,- til kr. 10.515,- som inkluderar felles katalog og den nye tenesta Innsyn.

Ulvik herad får ei investering på kr. 5.478,- for å få felles katalog med Innsyn og felles lånekort med Granvin folkebibliotek. Årlege kostnader for bruksrett og vedlikehald for biblioteksystemet vil bli *reduert* frå kr. 17.870,- til kr. 10.515,- som inkluderar felles katalog og den nye tenesta Innsyn.

4.3. Anbefalingar frå delprosjektgruppa

- Granvin folkebibliotek blir tilkoppa det kommunale datasystemet
- Granvin folkebibliotek får oppgradert biblioteksystemet i samarbeid med Ulvik folkebibliotek
- Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik får felles katalog og felles lånekort
- Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik får felles katalog på Internett med tenesta Innsyn
- Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik blir knytt saman med breiband

5. Eksterne finansieringskjelder for utvikling av samarbeidet

Delprosjektet "Grenselaust bibliotek" kom i gang etter at Hordaland fylkesbibliotek tok initiativ til eit interkommunalt samarbeid mellom folkebiblioteka i Granvin herad og Ulvik herad.

Som resultat av delprosjektet, kunne herada søkja fylkesbiblioteket om tilskot til breibandstilkopling mellom folkebiblioteka. Søknaden på kr. 202.250,- vart innvilga (sjå vedlegg 4 og 5).

Andre investeringar i prosjektet går til innkjøp av datamaskiner og datasystem. Det er vanskeleg å få statleg stønad til slike investeringar, då dette blir sett på som det enkelte heradet sitt ansvarsområde.

6. Bibliotektenesta som drivkrafta i utviklinga av servicekontor/ informasjonstorg i båe kommunane.

Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik er ikkje negative til å samlokaliserasst med servicekontor/ informasjonstorg, dersom dette er ein del av ei større satsing frå herada si side.

Ei slik satsing må innebera at herada går inn med personale til oppgåvene i servicekontoret/ informasjonstorget, og at bibliotekas lokale blir lagt til rette for ei slik teneste. Forholda ved folkebiblioteka i Granvin og Ulvik, tillet ikkje å ta oppgåvene med servicesenter/ informasjonstorg inn i dagens bibliotekdrift og lokale.

Anbefalingar frå delprosjektgruppa

- Folkebiblioteka blir ikkje samlokalisert med servicekontor før dette blir del av ei større satsing frå herada si side

7. Tidsplan for gjennomføring av samarbeidstiltak

Tiltak	Gjennomføres innan
Samarbeidsavtalen vedtas	Desember 2003
Granvin folkebibliotek blir knytt til det kommunale systemet	Januar 2004
Folkebiblioteka blir knytt saman med breiband	Januar 2004
Granvin folkebibliotek får oppgradert biblioteksystem	Februar 2004
Folkebiblioteka får felles katalog	Februar 2004

Ulvik,

Ingeborg Fære

Kirsten Flatlandsmo

Vedlegg:

1. Mandat delprosjekt "Grenselaust bibliotek"
2. Bibliotekstatistikk for Ulvik folkebibliotek og Granvin folkebibliotek år 2002
3. Samarbeidsavtale mellom Granvin folkebibliotek og Ulvik folkebibliotek med vedlegg
4. Søknad om tilskot til Ulvik og Granvin herad (*Vedlegget er ikkje med i nettversjonen*)
5. Tilsegn om midlar til breiband (*Vedlegget er ikkje med i nettversjonen*)

VEDLEGG 1

Mandat delprosjekt ”Grenselaust bibliotek”

Politiske mål for arbeidet:

Utgreie moglegheitene for samarbeid mellom kommunane Ulvik og Granvin for å utnytte ressursar/kompetanse på tvers av kommunane der dette er praktisk og føremålstenleg. Sikre god kvalitet og meir teneste innafor tilgjengelge ressursar. Økonomisk måltal for delprosjektet er

Tinging frå rådmannen

Kartlegge situasjonen i dag sett i forhold til brukaren, tilsette, organisering og ressursbruk → sterke og svake sider

Delprosjektgruppa skal i sitt arbeid ta omsyn til etablerte ordningar innan interkommunalt samarbeid og pågåande arbeid omkring standardisering av tenester i begge kommunane.

Delprosjekt ”Grenselaust bibliotek” skal utarbeide løysingar som kan gi ei netto driftsinnsparring for Ulvik heradkroner innan 2005 og for Granvin herad Dei økonomiske måltala skal innarbeidast i økonomiplan 2004 – 2007. Delprosjektgruppa skal og synleggjera ein potensiell gevinst ved investeringar og drift som følgje av eit samarbeid.

Vurdera alternative samarbeidsformer og organisering for å nå følgjande målsetting:

Sikre eksterne og interne brukarar av bibliotektenestene i begge kommunane den kvalitet som er/vert vedteke politisk til ein kvar tid

Nytte menneskelege ressursar på tvers av kommunegrensene slik at den enkelte tilsette får nytta sitt potensiale (real kompetanse) og sine interesser kor det ligg til rette for det


Avklare fordelar/ulempar med ulike tilsettingstilhøve og felles/delt leiarskap på ulike nivå.

Utnytte tekniske og økonomiske ressursar på tvers av kommunegrensene innafor bibliotektenestene

Søke etter eksterne finansieringsskilder for utvikling av samarbeidet

Vurdera korleis bibliotektenestene kan vere drivkrafta i utviklinga av servicekontor/informasjontorg i båd kommunane

Organisering av delprosjekt "Grenselaust bibliotek"



Delprosjektleder er Ingeborg Fære, bibliotekar i Ulvik herad

Medlemmer i delprosjektgruppa (kan og innehalde representantar frå fylkesbibliotekaren)

.....

.....

Lykke til!

Med helsing

Steinar Sjøgaard
rådmann i Ulvik og Granvin

VEDLEGG 2

Bibliotekstatistikk for Ulvik folkebibliotek og Granvin folkebibliotek år 2002

	Ulvik	Granvin
Hovudbibl. timar ope pr veke totalt	22	13
Årsverk totalt	1	0,62
Årsverk pr 1000 innbyggjar	0,83	0,59
Totale driftsutgifter 2002	473.288,-	486.074,-
Driftsutgifter pr. innb. 2002	394,08	462,49
Bestand media totalt	17 591	21 057
Datamaskiner til publikum	2	1
Datamaskiner totalt v/ biblioteket	4	2
Utlån bøker barn totalt	1474	2511
Utlån bøker vaksne totalt	3036	3128
Utlån andre media totalt	1665	426
Utlån pr. barn	6,25	12,68
Utlån pr. vaksen	3,15	3,67
Totalt utlån	6175	6065
Utlån pr. innbyggjar	5,14	5,77
Tal på besøk	7051	2950
Besøk pr. innbyggjar	5,87	2,81
Arrangement totalt	5	0
Utstillingar totalt	3	0

VEDLEGG 3.

Samarbeidsavtale mellom Granvin folkebibliotek og Ulvik folkebibliotek

Samarbeidspartnarar:

Granvin herad ved Granvin folkebibliotek og Ulvik herad ved Ulvik folkebibliotek

Bakgrunn:

Folkebiblioteka i Granvin og Ulvik har danna eit samarbeid tufta på tankar i tida om gjensidig vinning av interkommunalt samarbeid. Biblioteka går inn i samarbeidet som to sjølvstendige bibliotek. Prosjektet er eit delprosjekt under samarbeidsprosjektet "Grenselaust samarbeid" mellom herada Granvin og Ulvik.

Samarbeidsavtalen er utforma for å konkretisera innhaldet og oppgåvene i samarbeidet.

Varigheit:

Avtalen gjeld frå januar 2004 og står ved lag til den vert sagt opp av ein eller begge partar. Oppseiingstida er eit år.

Målsetjingar:

Måla med samarbeidsavtalen er :

- å gje brukarane av folkebiblioteka i begge kommunane eit betre tilbod
- å gjera folkebiblioteka meir synlege som kultur- og informasjonsformidlarar på tvers av heradas grenser
- å gje betre utnytting av dei samla folkebibliotekressursane i begge herada
- å utvikla eit vidare bibliotekfagleg samarbeid mellom herada

Samarbeidsfelt:

1. Lånereglement og lånekort

Folkebiblioteka skal ha felles låne- og internettreglement (vedlegg 1 og 2). Brukarane av folkebiblioteka skal kunne bruka same lånekort ved biblioteka i begge herada.

2. Bibliotektenester på Internett

Folkebiblioteka skal byggja opp ein felles nettstad med digitale bibliotektenester. Ulvik folkebibliotek har hovudansvar for å vedlikehalda nettstaden.

3. Bokval og innkjøp

Folkebiblioteka skal samarbeida om bokval og innkjøp av media, slik at samlingane ved dei to biblioteka kan utfylla kvarandre.

4. Depot

Folkebiblioteka skal nytta seg av kvarandre sine samlingar gjennom utveksling av depot. Samarbeidet skal i hovudsak gjelde video og lydbøker.

5. Arrangement og utstillingar

Granvin folkebibliotek og Ulvik folkebibliotek skal tilrettelegga arrangement og utstillingar som skal gjennomførast i begge biblioteka.

6. Datatenester

Samarbeid om datatenester går ut på at folkebiblioteka har felles katalog i biblioteksystemet Mikromarc 2. Katalogen vil vera plassert på Ulvik folkebibliotek sin server i Ulvik. Kommunikasjonen mellom biblioteka vil gå over breibandbinding mellom dei to herada.

Ulvik folkebibliotek er ansvarleg for å ta sikringskopi av den felles katalogen. Eventuell konsulenthjelp og andre kostnader med felles katalog, skal delast mellom folkebiblioteka.

Dersom ein eller begge av partane seier opp avtalen, skal kostnaden med konvertering frå felles til eigen base delast mellom herada.

7. Samarbeid med skulen

Folkebiblioteka skal utvikla eit samarbeid mellom folkebiblioteka og skulane som skal gjennomførast i begge herada.

8. Bibliotekteneste for vaksne utdanningssøkjande

Folkebiblioteka skal samarbeida om å tilby ei best mogleg teneste for vaksne utdanningssøkjande, og delta i nettverksgrupper med andre aktørar.

Ulvik,

Ingeborg Fære

Kirsten Flatlandsmo

Vedlegg 1 til samarbeidsavtalen:

Lånereglement for Granvin folkebibliotek og Ulvik folkebibliotek

Velkommen som lånar ved Granvin folkebibliotek og Ulvik folkebibliotek.
Biblioteka har desse lånereglane:

1. Lånerett

Alle som bur i landet har lånerett. Utlånet er gratis.
Det må visast fram gyldig legitimasjon for å få lånekort.

2. Lånekort

Born kan få eige lånekort når dei begynner på skulen.
Lånarar under 12 år må ha underskrift frå føresette for å få lånekort.

Biblioteka må få melding om adresseendring eller tap av lånekort.
Nytt lånekort kostar kr. 10,-

3. Lånetid

Lånetida er vanlegvis:

For video	1 veke
For bøker og andre media	4 veker

Lånet kan fornyast dersom ikkje andre står på venteliste.
Lånaren har plikt til å halda lånefristen.

Det er høve for å reservera utlånte media, og biblioteket gjev beskjed når desse kan hentast.
Lånte media kan leverast ved begge biblioteka

4. Purringar

Ved purring krev biblioteket purregebyr:
kr. 15,- for 1. purrebrev
kr. 30,- for 2. purrebrev
kr. 45,- for 3. purrebrev

Lånaren er ansvarleg for materiale som er lånt på lånekortet. Tapt eller øydelagt materiale må erstattast.

Etter tre purringar vert det sendt ut krav om erstatning. Biblioteka fastset erstatningssummen i kvart enkelt tilfelle.

5. Lån frå andre bibliotek

Dersom biblioteka ikkje har bøkene som lånaren ynskjer, kan ein låna dei frå andre bibliotek.
For fjernlån gjeld eigarbiblioteket sine lånereglar.

6. Brot på reglement

Brot på bibliotekas lånereglement kan føra til tap av lånerett.

Vedlegg 2 til samarbeidsavtalen:

Reglement for bruk av internett ved Ulvik folkebibliotek og Granvin folkebibliotek

1. Biblioteket er ikkje ansvarleg for innhaldet på internett.
2. Biblioteket har Biblioteklova §1 som retningslinje for tilbodet sitt.
3. Føresette er ansvarleg for born under 16 år sin bruk av internett i biblioteket.
4. Brukarane kan nytte internett i biblioteket si opningstid. Brukarane registrerer seg når dei set seg ved maskina. Ein kan bruke internett i 30 minutt. Om ikkje annan brukar ventar, kan ein bruke den lengre.
5. Utskrift kostar 2 kroner arket. Utskrift er likevel gratis for skuleelevar t.o.m. vidaregåande skule når dei tek ut stoff dei treng til skularbeidet. Offentleg informasjon kan skrivast ut gratis når biblioteket ikkje har det same i trykt form. Ved større utskrifter, som til dømes NOUar, tilhøyrrer utskrifta biblioteket og må lånast på vanleg vis, om ikkje lånaren betalar for utskrifta.
6. Det er forbode å laste ned eller sjå på pornografisk eller nynazistisk materiale.
7. Det er ikkje lov å laste ned og installere program på biblioteket sine internettmaskinar. Filer må lastast ned på diskett. Diskett kan kjøpast på biblioteket.
8. Det er ikkje høve til å nytte egne e-post adresser på biblioteket sine internettmaskinar. Ein kan nytte web-basert e-post som til dømes Hotmail.
9. Brot på norsk lov under nytte av internettmaskinene vil føre til at brukaren vert vist bort. Brukaren vil miste retten til å nytte internett på biblioteket.